

Sikker digital meldingsbok

_____Høle_ Barne- og ungdomsskule tar i bruk ei ny digital meldingsbok for kommunikasjon mellom skule og heim frå skuleåret 2019/2020. Den nye løysinga heiter **Transponder Meldingsbok** og kan lastast ned som app i **App Store** og **Google Play**. Søk der etter «Transponder Meldingsbok». I tillegg kan tenesta nyttast frå nettlesar.

Transponder Meldingsbok skal erstatta:

- Papirmeldebok
- SMS til lærar sin privattelefon
- Fråværsmailar til lærar/skule sin e-post
- All annan skriftleg kommunikasjon mellom skulen og heimen

Transponder Meldingsbok kan òg nyttast til:

- At føresette gjev korte meldingar til lærar(ar)/skule
- At lærar(ar)/skule sender korte meldingar til føresette
- At lærar/skule sender samla meldingar/skjema til alle føresette
- Påmelding til aktivitetar og anna

Ved pålogging første gong via ID-porten sikrar me eit høgt nivå av tryggleik for både føresette og tilsette. Alle som loggar seg inn i sine egne ungar sine meldingsbøker, ser kven som til ei kvar tid kan lesa og skriva i bøkene. Logg deg rett inn i appen og akseptør push-varslar for å halda deg oppdatert i sanntid eller bruk Transponder i nettlesar frå <https://www.transponder.no/meldingsbok/>.

